



Fløysand VA  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2961 - 16/5977

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
21.03.2016

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Eikeland gbnr 42/31.

**Administrativt vedtak. Saknr: 76/2016**

**Tiltakshavar:** Cecilie Middelthon-Moe og Hugo Hope  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve, dagsett 03.03.2016, frå ein fritidsbustad på Eikeland gbnr 42/31. Søknaden gjeld nytt og forbetra utslepp. Eigedomen har i dag vassklosett med avlaup til sjø utan slamavskiljar. Eigedomen har i dag brønn, men har søkt om tilkopling til kommunalt vassverk. Denne søknaden vert handsama som eiga sak.

I samsvar med søknad skal avlaupet pumpast opp til ein 2m<sup>3</sup> slamavsljar. Derfrå skal avlaupet gå i tett leidning og koplast til eksisterande avlaupsleidning. Denne leidningen går til ut i sjø til 10 meters djup i Herdlefjorden. Det vet ingen endring av denne avlaupsleidningen.

#### Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 21.12.2015 – 08.01.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

#### Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Fløysand VA har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

## **Vurdering:**

### Planstatus

Eigedomen gbnr 42/31 er ein fritidseigedom. Eigedomen er i planføresegnen til kommuneplanen for Meland definert som område for LNF- spreidd fritidsbustad. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Det er ikkje bilveg fram til eigedomen og det er difor ikkje mogeleg å knyte utsleppet opp mot den kommunale slamtømmeordninga. Eigar av anlegget må sjølv og for eigen kostnad syte for naudsynt tømning.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløysing frå ein fritidsbustad i samsvar med søknad dagsett 03.03.2016 og situasjonskart dagsett 08.11.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via 2m<sup>3</sup> slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning til sjø, minimum 10 meter under middel vasstand.
3. Eigar må sjølv syte for naudsynt tømning av slamavskiljaren.
4. Slamtømming skal utførast av godkjend føretak og leverast til godkjend mottak.
5. Kvitteing for utført tømning skal sendast kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løysing til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 42/31 i samsvar med søknad dagsett 08.11.2015. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan av same dato, jf plan- og bygningslova § 29-4.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løysing:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løysing er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Utslepp 42-31

**Mottakere:**

Cecilie Middelthon-Moe og Hugo Hope Fløysand VA	Nipedalen 254 Fløksand	5164 5918	LAKSEVÅG FREKHAUG
--	---------------------------	--------------	----------------------